

PROSJEKTSKISSE

ARKIV- OG FORMIDLINGSPROSJEKTET TIL NORSK MÅLUNGDOM 2021



Utarbeid av Jubileumsboknemnda i Norsk Målungdom
Godkjend av landsstyret i Norsk Målungdom
15.11.2019

Innhald

Mål og rammer	2
Bakgrunn	2
Overordna mål	3
Delmål for prosjektet	3
Rammer	3
Organisering	3
Prosjekteigar	3
Prosjektleiing	3
Realisering av vinstar	4
Hovudaktivitetar	5
Arkivprosjektet	5
Formidlingsprosjektet	6
Framdriftsplan	8
Økonomi	8

1. Mål og rammer

1.1. Bakgrunn

Norsk Målungdom (NMU) blir 60 år i 2021, og har då bak seg seks tiår med målstrid, språkpolitikk og ungdommeleg mobilisering. Landsmøtet til NMU har sett som mål at vi til jubileet skal få ordna arkiva og få ei skikkeleg framstilling av saga til organisasjonen. Historia til og om NMU er lite dokumentert. Det er skriva fleire bøker om nokre av dei største lokallaga, som sjølv sagt gir eit bilete av resten av samskipnaden. Men det finst ikkje ei større, samla framstilling av ungdomsorganisasjonen frå 1961 til tida vår.

Landsmøtet i NMU 2019 vedtok i arbeidsprogrammet for 2019-2020 å setja ned ei gruppe som skulle jobbe med dette prosjektet. Nemnda fekk namnet “Jubileumsboknemnda” og fekk følgjande mandat:

Jubileumsboknemnda har ansvar for å starte førebuinga av ei bokutgjeving til 60-årsjubileet vårt i 2021

Nemnda har i utgangspunktet fått arbeide fritt med utviklinga av prosjektet, og har tolka mandatet vidare. Prosjektet var oppe som rapporteringssak på landsstyremøtet i september 2019, og som sak hjå sentralstyret i forkant av landsstyremøtet. Både landsstyret og sentralstyret spelte inn saker til nemnda på desse møta. Nemnda vedtok tidleg i forprosjektet å komma attende til landsstyret med denne prosjektskissa til møtet i november 2019.

Med denne prosjektskissa legg nemnda fram eit overordna prosjekt med delprosjekt som svarer til eit arbeidsmål om at til jubileet i 2021 skal Norsk Målungdom har gjort noko med saga si. Etter utgreiingar og ei intens og sær s brei runde med ulike interessentar og vener av NMU, har nemnda greidd ut ei rekke ulike måtar å arbeide med saga og arkivet etter organisasjonen på. Nemnda har landa på å gjennomføre eit kombinert arkiv- og formidlingsprosjekt. Hovudtyngda i prosjektet skal liggje på samlokalisering, ordning og forvaltning av arkiva etter NMU. I tillegg skisserer nemnda eit formidlingsprosjekt som skal formidle deler av organisasjonen si soge til eit ålment publikum, basert på dei mest formidlingsverdige delane av arkivet.

Kirsti Lunde, Karl Peder Mork, Fredrik Hope
Jubileumsboknemnda i Norsk Målungdom

1.2. Overordna mål

Norsk Målungdom har innan utgangen av jubileumsåret 2021 gjennomført eit arkivprosjekt som ordnar og supplerer det eksisterande arkivet etter organisasjonen, og eit formidlingsprosjekt som presenterer dei mest formidlingsverdige delane av saga til ålmenta.

1.3. Delmål for prosjektet

Prosjektet har følgjande delmål:

- M1 Arkivet etter Norsk Målungdom er samlokalisert, sortert og ordna. Aktuelt materiale er avlevert til relevante institusjonar.
- M2 Arkivet og anna materiale etter Norsk Målungdom er tilgjengeleg. Delar av dette materialet er digitalisert.
- M3 Det er samla inn meir materiale om historia til Norsk Målungdom.
- M4 Nokre av dei mest formidlingsverdige delane av organisasjonens historie er presentert for ålmenta.
- M5 Det gjennomførte arkivprosjektet legg til rette for framtidige forskings- og formidlingsprosjekt om organisasjonens historie.

1.4. Rammer

Bakgrunnen for prosjektet er organisasjonen sitt jubileum i 2021. Nemnda set som mål at eit ferdig ordna papirarkiv kan overleverast organisasjonen innan 20.05.2020. Formidlingsprosjektet skal vera overlevert innan 60-årsdagen 03.08.2021.

Prosjektet har ingen eigne midlar sett av, men søker eigne midlar frå relevante samarbeidspartnarar til dei ulike delane av prosjektet. Sjå tilrådingar frå nemnda under økonomiavsnittet (kap. 6) i denne prosjektskissa.

2. Organisering

2.1. Prosjekteigar

Prosjekteigar er Landsstyret i Norsk Målungdom.

2.2. Prosjektleiing

Prosjektleiinga består av prosjektgruppa. Medlemmer:

- Fredrik Hope (leiar)
- Kirsti Lunde
- Karl Peder Mork

Nemnda har jamleg kontakt med organisasjonen gjennom arbeidet sitt, både i meldingar og med ein kontaktperson i sentralstyret.

3. Realisering av vinstar

Nemnda ser dette som vinstane VI vil oppnå med prosjektet:

Vinst	Kommentar	Ansvar
Papirarkivet og anna materiale blir avlevert til offentlege institusjonar	Arkivverdig materiale blir tatt vare på	Vi tilset eller leiger inn nokon for å gjera dette
Organisasjonen får oversikt over arkivmaterialet	I dag har vi ikkje noko skikkeleg oversyn over arkiva våre	Nemnda
Eit ordna arkiv kan liggje til grunn for forskning i jubileumsåret	Organisasjonen ønskjer å få dokumentert saga si i høve 60-årsjubileet. Dette blir i dag hindra av eit uordna arkiv.	Nemnda
Arkiva blir opne for ålmenta	Ikkje alt arkivmateriale er tilgjengeleg og ope. Det hindrar at innhaldet kan brukast.	+ Arkivverket + Nasjonalbiblioteket + Nynorsk kultursentrum + Nemnda + SST
Samarbeid med andre aktørar om arkivet og anna materiale	Tekstar i blad og tidsskrift kan digitaliserast slik at dei kan bli ein del av Språkbanken til Nasjonalbiblioteket, og igjen blir brukt som utgangspunkt for språkteknologi.	+ Nemnda + SST
Fleire får lære om saga til organisasjonen	Eit formidlingsprosjekt vil nå ut med informasjon om organisasjonen til ei rekke målgrupper.	Nemnda

4. Hovudaktivitetar

Prosjektet er delt i to delprosjekt som dels følgjer kvarandre i tid, men som skal bli utvikla parallelt. Desse er arkivprosjektet og formidlingsprosjektet.

4.1. Arkivprosjektet

Arkivprosjektet er det viktigaste av dei to delprosjekta. Det er naudsynt å starte i rett ende når vi skal gå i gong med å formidle historia til organisasjonen. Fire av fem delmål høyrer til denne delen av prosjektet.

Skal vi laga ei skikkeleg framstilling av organisasjonssoga, må vi ha eit ordna, oversiktleg og tilgjengeleg arkiv. Dessutan vil arbeidet vi gjer no, sikre den framtidige forvaltninga av arkivet etter NMU. Målet må vera å få oversyn over det som finst, ordne det, og laga rutinar for kva som skal takast vare på i framtida.

Det høver og hastar å gjera dette no, særleg fordi mange av dei som var med på å skipa organisasjonen framleis er i live. Dei ressursane som finst i hugsen hjå NMU-arar gjennom seksti år, er av uvurderleg verdi. Dei har vore med å gjera organisasjonen til det han er i dag, og kan hjelpe oss med å dokumentere korleis NMU har blitt slik det er i dag. Vi kan intervju dei, få hjelp til å tidfeste gjenstandar og bilete, og truleg kan vi hente inn meir materiale frå dei. Mest truleg krev det mykje frivillig innsats for å finne materiale på loft og i kjellar, identifisere folk på bilete, og for å finne aktuelle personar å intervju.

Nemnda har laga eit oversyn over alle kjende arkiv etter NMU, lokallaga og elev-/og studentmållag før 1961. Vi har henta den delen av arkivet vårt som var i Bergen, slik at alt no er i Oslo. I oktober 2019 var tilsette ved Arkivverket med på ei synfaring i arkivet vårt. Dei estimerte at vihar ståande 60-70 hyllemeter papir i lageret vårt på Økern. Av dette trudde dei at halvparten (25-32 hyllemeter) var rekneskap, bøker og anna som ikkje skal vera ein del av arkivet. Delar av arkivet vitok med frå Bergen, tilhøyrer lokal- og distriktslag. Dette skal ryddast og sendast attende til Vestlandet, vonleg til Statsarkivet i Bergen.

To gongar på 90-talet avleverte sentralstyret i Norsk Målungdom delar av papirarkivet sitt til Riksarkivet. Den nyaste delen av dette er berre deponert, ikkje avlevert. Det tyder at sentralstyret vedtar om folk får tilgang til arkivet. Riksarkivet vedlikeheld ikkje arkiv som er deponerte. Nemnda ønskjer at organisasjonen i samarbeid med arkivmyndigheitene skal endre eksisterande avtaler slik at alt arkivmateriale blir rekna som avlevert, men skal drøfte dette nærare med sentralstyret. Dessutan skal vi få oversyn over kva som er hjå Riksarkivet, slik at vi kan jamføre det vi har og det dei har. Slik kan vi finne hola i arkivet og tette dei.

NMU kjem til å halde fram med å laga arkivmateriale. Målet må vera at mest mogleg av dette blir lagra digitalt i framtida, og at vi har eit arkivsystem som gjer at dette krev minst mogleg arbeid for skrivearstova. Dessutan vil nemnda laga ein plan for det digitale arkivet, der vi mellom anna avgjer kva av det vi skal skal avlevere, og planlegg neste gang NMU skal avlevere materiale til Riksarkivet.

Det meste av bøkene, blada, tidsskrifta, flygeblada, plakatanne og anna materiale frå NMU, lokallaga og elev-/og studentmållag før 1961 er pliktavlevert til Nasjonalbiblioteket. Vi veit allereie no at det er mange og store hol i samlingane deira. Vi skal tette hola i Nasjonalbiblioteket sine arkiv av pliktavlevert materiale dersom dette dukkar opp i ordningsarbeidet. Vi er allereie i kontakt med Nasjonalbiblioteket, har laga eit oversyn over alle blad og tidsskrift vi veit om og har undersøkt kva dei har av flygeblad og liknande.

Vi skal laga avtalar mellom dei, NMU og lokallaga for å få Nasjonalbiblioteket til å digitalisere mest mogleg, og gjera dette tilgjengeleg på nett. Dei digitaliserte tekstane skal avleverast til Språkbanken hjå Nasjonalbiblioteket, slik at det kan brukast som utgangspunkt for språkteknologi.

Arkivprosjektet vil òg avdekke kva vi har liggande som kan kastast og bli gitt vekk. Vi skal tilby materiale til aktørar som Nynorsk kultursentrum, og ha att ei mindre samling av eigne aviser, flygeblad, plakatar og tilsvarande.

Organisasjonen har mykje foto-, video- og lydmateriale, mellom anna bilete frå tilskipingar og opptak frå landsmøte. Vi vil laga oversyn over dette, og laga ein plan for å sikre, digitalisere og gjere tilgjengeleg det vi har, i tillegg til å samle inn meir. Eit skikkeleg biletmateriale vil vera ei stor hjelp ved eit framtidig bokprosjekt, og video kan vera nyttig i eventuelle utstillingar og andre formidlingsprosjekt.

Vi har òg mykje digitalt materiale som er lagra i forelda format (diskettar, cd-ar og liknande), som anten allereie har gått tapt eller kjem til å gå tapt i nær framtid. Vi vil gå gjennom slikt materiale for å undersøke om dette materialet er viktig, og for å sikre at minst mogleg går tapt.

I arbeidet med dette prosjektet vil vi dessutan samle inn meir materiale. Etter kvart som vi finn hol i eigne og andre sine samlingar, skal vi laga oversyn over dette. Vi skal sidan ta kontakt med tidlegare medlemmer og aktivistar for å freiste å tette desse hola. Vi vil gjennomføre tidsvitneintervju med sentrale personar og sikra desse intervjuar for ettertida.

4.2. Formidlingsprosjektet

Arkivprosjektet har som mål at historia om NMU slik ho kjem fram i dokument og tidsvitneforteljingar blir systematisert og tatt vare på for framtida. Det har ein verdi i seg sjølv, men det er òg viktig å gjera dei mest formidlingsverdige funna tilgjengeleg for ålmenta, ikkje berre for organisasjonen. Eit av dei fem delmåla gjeld denne delen av prosjektet.

Skriftspråkhistoria i Noreg er unik, og ho heng nært saman med sentrale utviklingstrekk i det norske samfunnet. Samstundes har den norske språkstriden likskapstrekk med språkstrid i andre land. Funn frå historia om NMU er difor av interesse og relevans for alle som interesserer seg for norsk språk, internasjonal språkpolitikk og ungt engasjement, og vil vera nyttig for folk som seinare skal gjennomføre formidlings- og forskingsprosjekt som laust eller fast knyter seg til den norske målreisinga og organisasjonslivet som har vakse fram av henne.

Av di ein framleis ikkje veit kva konkrete funn som vil dukke opp under arkivprosjektet, er ein milepæl for det overordna prosjektet (MP4) å finne fram til dei formata som høver best for dei mest

formidlingsverdige funna. Nemnda har likevel kome fram til to ulike format som per dags dato verkar mest relevante: digital utstilling på internett og tekstleg framstilling i hefte.

I samarbeid med Nasjonalbiblioteket skal mykje av arkivet etter NMU digitaliserast. I tillegg skal ein samle inn tidsvitneforteljingar. Slike type funn kan formidlast gjennom digitale utstillingar, og her kan t.d. Holcaoustsenteret si digitale utstilling *Dokumentene forteller*¹, Kvinnefronten sitt digitale museum og tidslinje² og Mjøsmuseet si digitale utstilling³ vere til inspirasjon. Oversyn over dei lange linene i historia eller djupdykk i særleg viktige hendingar kan formidlast gjennom artiklar som blir gitt ut i eit hefte. Nemnda skal samarbeide med kunnskapsrike aktørar for å få funna fram på best mogleg måte for flest mogleg, både på digitale og trykte flater.

Mandatet nemnda fekk, var å førebu ei bokutgiving til 60-årsjubileet i 2021. Under førebuinga av arkivprosjektet blei det klart at det var meir krevjande enn ein trudde å få oversyn over og systematisere arkivmaterialet til NMU. Kjeldene låg på ulike stader, og måtte samordnast før ein kunne ta til på den verkelege arkiveringa. Vi var i kontakt med Arkivverket, Det Norske Samlaget og Nasjonalbiblioteket, og alle rådde oss til å sjå lengre fram enn til 2021 når det gjeld å skrive ei bok. Nemnda ser det difor som mest fornuftig og realistisk å få ordna arkivet for organisasjonen, og dette arbeidet vil avdekke materiale som kan vera med på å kaste lys over organisasjonssoga vår. Slik kan ein sjå dette prosjektet som fyrste etappe på vegen mot ei fullstendig og fullverdig soge om Norsk Målungdom.

¹ <https://www.hlsenteret.no/bibliotek/dokumentene-forteller/>

² <https://www.kvinnehistorie.no/> og <https://www.kvinnehistorie.no/tidslinje>

³ <https://mjosmuseet.no/digitalt-museum>

5. Framdriftsplan

Milepæl	Skildring	Frist
MP1	Prosjektskissa er vedtatt	16.11.2019
MP2	Arkivet er ordna	01.05.2020
MP3	Arkivmateriale er avlevert	20.05.2020
MP4	Innhaldet i formidlingsprosjektet er ferdig greidd ut og valt	15.06.2020
MP5	Formidlingsprosjektet er ferdig utforma og overlevert til organisasjonen	03.08.2021
MP6	Nemnda har levert sin sluttrapport	01.03.2022

Nemnda reviderer framdriftsplanen fortlaupande etterkvart som vi får meir informasjon.

6. Økonomi

Eit prosjekt av den storleiken organisasjonen ønskjer seg, treng ei god økonomisk styring og oversyn. Til no har ikkje nemnda rådd over eigne midlar eller fått ei eiga løyving til prosjektet.

Eit laust estimat etter ei synfaring med Riksarkivet på Økern-arkivet og arkivet på skivarstova er at det kostar ein plass mellom 150 000 og 200 000 kroner å ordna arkivet. Dette estimatet er sjølv sagt gjort utan innhenting av informasjon på førehand, og baserer seg på at dei oppmålingane som blei gjort stemmer. Skaping av meir arkivmateriale vil òg auke kostnadene. Samstundes er det avgjerande å gjennomføre eit godt arkivprosjekt fordi dette sparar organisasjonen for store utgifter på sikt. Ein av dei viktigaste grunnane til å ha eit avlevert og ordna arkiv er at det er ressursparande samanlikna med slik arkivet er i dag, fordi organisasjonen med eit ordna arkiv kan betale for ein mindre lagerboks og ikkje sjølv er ansvarlege i tilfelle vasskade på materiale. Dessutan er det enklare å gjennomføre ei ny ordning av arkivet i framtida dersom arkivet då har eit system og ein arkivnøkkel.

Delar av arkivet må digitaliserast. Det er usikkert kva kostnader som kjem av eit digitaliseringsarbeid. Det avhenger av kor mykje av arkivet organisasjonen meiner bør bli digitalisert. Nemnda meiner at lydopptak og ein stor del av fotoarkivet må digitaliserast.

Utgiftene til formidlingsprosjektet må bli greidde ut på eiga hand etter kvart som format blir valt. Nokre stikkord kan ein likevel seia i dag: Dess betre kuratert formidlingsprosjektet er, dess meir nytte vil ein få ut av prosjektet. Samstundes er eit fysisk trykk som inneheld dei mest formidlingsverdige delane av arkivet den delen av prosjektet som i størst grad er potensielt

sjølvfinansierande. Dette føreset sjølvsagt at ein produserer materiale for sal. Det er grunn til å tru at forskingsprosjekt på organisasjonen er stipendverdig frå for eksempel NFFO.

Samarbeid med andre er ein viktig metode for å få kostnadene ned. Nemnda ynskjer å inngå samarbeid med Nynorsk Kultursentrum og Nasjonalbiblioteket. Dette vil auke verdien til prosjektets innhald, samstundes som det vil kunne gjera enkelte kostnader lågare.

Det er viktig for prosjektet at organisasjonen set av eigne midlar til prosjektet, gjerne som ein uspesifisert pott som går over heile prosjektperioden. Nemnda vil gjennom heile prosjektet gjera estimat på kostnader og laga detaljerte budsjett.

Nemnda ønskjer å søkje støtte frå Kulturrådet, Arkivverket, Fritt ord og andre fond og støtteordningar.